



Noregs Vassdrags- og Energidirektorat  
Avdeling for konsesjon og tilsyn  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Fana, 6. desember 2007

## **Bakketun minikraftverk**

### **Utbyggingsplanar**

Utbyggaren planlegg eit 0.25 MW kraftverk i Austevollselva, Bergen kommune. NVE har likevel kravd fagleg vurdering fordi både Fylkesmannen og Bergen kommune meiner dette er eit særleg verdfullt område på grunn av gyteplassar for aure. Inntaksdammen er på kote 108 meter, derifrå skal det gå ei røyrgate 450 meter nedover på austsida av elva til kote 73 meter, til kraftverket. Over røyrgata skal det gå ein anleggsveg. Minstevassføringa i elva er 80 l/s, maks vassføring er 800 l/ og middelvassføringa 540 l/s. Det er eit fossefall i elva 10 meter nedanfor inntaksdammen som hindrar auren i å gå opp, men heile strekninga nedanfor og ned til Kalandsvatnet på 53 meter er gyteplass for aure.

Området ovanfor dammen er middels til sterkt påverka av jord- og skogbruk. Vegen til Almeland går på bru over elva like ovanfor dammen, og her er og ein skogsbilveg og fleire hus. På austsida er det gjengroingskog med gråor, hegg og delvis planta gran.

### **Verknader på biologisk mangfald og fiske**

Faun Naturforvaltning har gjort ei vurdering av verneverdiar som vil bli negativt påverka. Dei konkluderer med middels til lågt negativ påverknad og middels til lågt negativt omfang. Vassføringa vil bli sterkt redusert på heile strekninga frå dammen til kraftverket, som for det meste er gyteplass for aure. Dessutan er det påvist at vintererla hekkar i området like ovanfor dammen. Fossefall fins det og i vassdraget. På austsida, der røyrgata skal koma, er det flekkvis edellauvskog og gråor-heggeskog med stort artsmangfald. Faun Naturforvaltning konkluderer ut frå MIS-retningslinjene med at påverknaden er liten på grunn av at området er fragmentert. Naturvernforbundet Hordaland meiner derimot at det ikkje reduserer artsmangfaldet dersom ein har område med ulik grad av vegetasjon og skogtypar. Det er ikkje gjort noko detaljkartlegging, likevel blir det konkludert med at "Potensialet for sjeldne arter vurderast som lavt." og at "Floraen av fuktighetskrevande karplanter og mose/lav virker triviell og ingen signalarter finnes." Dette er vel ein litt forhasta konklusjon, sett på bakgrunn av at ein ikkje har gjort noko detaljkartlegging. Her bør vel "føre var" prinsippet gjelda.

I følge DN-handboka 15/2000 er Austevollselva ein prioritert lokalitet med viktige bestand av ferskvassorganismar, og elva er ein viktig gyteplass for aurebestanden i Kalandsvatnet. Dette gjeld heile strekninga frå fossen og ned til Kalandsvatnet (1.5 km). Førekost av gjedde i Kalandsvatnet gjer at tilveksten av aure får meir å seia enn tidlegare. Reduksjonen i vassføringa vil bli størst om vinteren og seinsommaren då elva blir noko nær tørrlagt. Dersom fiskebestanden i det heile skal kunna bergast, må det innførast særlege tiltak med tilført vatn i gyteperioden om hausten.

## **Konklusjon**

Naturvernforbundet Hordaland går sterkt imot dei aktuelle planane om minikraftverk i Austevollselva. Kalandsvassdraget er eit av 10 satsingsvassdrag i Bergen, der det skal setjast i verk tiltak for å ta vare på fiskebestanden og leggjast til rette for friluftsliv. Ei utbygging som planlagt medfører fare for tørrlegging av viktige gyteplassar for aure store deler av året. Det vil og kunna påverka hekkeplassar for vintererle og fossefall, og indirekte også fuglefaunaen i Kalandsvika naturreservat, som ligg rundt utløpet av Austevollelva i Kalandsvatnet. Etter vår meining medfører det også risiko for tap av biologisk mangfald både ved at vassføringa i elva blir sterkt redusert på ein 450 meter lang strekning og ved andre inngrep, som den påtenkte røyrkata og skogsvegen gjennom edellauvskogområdet på austsida av elva. I forhold til nytten av denne utbygginga, er skadane på miljøet svært store, og etter vår meining uakseptable.

Fana 6.12.2007

Oddvar Skre

Saksbehandlar NVH